

Vil kommunen overta grusbana?

02.05.2007



Vil kommunen overta grusbana? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Idrettslag har i eit brev til kommunen bedt denne om å overta drifts- og vedlikehaldsansvaret for grusbana ved skulen slik at laget kan bruka meir midlar på idrettsaktivitetar.

- Idrettslaget har i styremøte avgjort at vi ynskjer å gje denne eigedomen til kommunen og vi vonar De vil vere gild å ta i mot, skriv leiar Michael Røssland.

Det blir for dyrt å sitja med vedlikehaldet både av grusbana og grasbana på Heio.

Røssland viser til den økonomiske stoda i laget og strekar under at det viktigaste er å tilby innbyggjarane ei sunn sjel i ein spenstig lekam gjennom eit vidt spenn av aktivitetar for alle aldrar.

- Uskedalen er eit lite idrettslag med vanskeleg økonomi på line med mange andre lag og organisasjonar, sleg Røssland fast.

Difor er det ønskjeleg å nytta dei økonomiske ressursane på aktivitetar i staden for å leggja store deler av dei i vedlikehald og drift av anlegg.

Det viktigaste anlegget til idrettslaget er Heio.

Med dei midlane laget no har, klarer det ikke å vedlikehalda både grusbana og Heio. Det vil prioritere den siste og gjera alt for å halda denne tradisjonsrike arenaen og flotte grasbana i hevd.

Men det kostar. Likeeins kostar det å halda grusbana utan at laget har den same tilknyttinga til denne bana.

Idrettslaget ser det ikkje unaturleg at kommunen har eigedomsrett til og ansvar for grusbana ettersom den ligg ved skulen og vert nytta av denne dagleg, ikke minst i friminutt, til blant anna fotball.

- Det vil vera betre for idrettslaget om det kunne leiga bana til sin bruk eller hjelpa til med dugnadsarbeid som vederlag for bruken, skriv Røssland, som gjerne tek eit møte med kommunen om spørsmålet.

Sakshandsamar og verksemdsleiar Jarle Fossheim er for tida på ferie, melder innsida.no.

Det er difor uvvist korleis administrasjonen i kommunen ser på saka.

Av Ola Matti Mathisen



[Idrettslaget ynskjer å satsa på Heio.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)